



- Bli med på byttekveld, oppmodar FAU-leiar Erlend Moen..

**Neste fredag – 7. mars frå klokka 17 til 20 – blir det byttekveld i Aktivitetshuset opplyser FAU-leiar Erlend Moen.**

- Hvis du har brukt sportsutstyr som du ynskjer å kvitta deg med kan du ta det med og bytta det med noko anna du treng, eller selja det. Du bestemmer sjølv prisen. Vi stiller med gratis plass og bord til dei som har noko å selja eller bytte, opplyser Moen.

Dette er ein fin sjanse til å rydda i garasjar og bodar.

- Det er sikkert nokon andre som treng det du ikkje lenger treng, seier Moen.

Det blir sal av kaffe, kaker og saft.